

Repsak 15-20 Budsjett 2021

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1.0 Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2021.

1.1

| Artikkel | Renovasjon | Eks mva | Inkl. mva |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|
| 1/20400 | Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest) | Kr 2895,20 | Kr 3619,00 |
| 1/20402 | Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest) | Kr 5211,20 | Kr 6514,00 |
| 1/20403 | Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir) | Kr 2316,00 | Kr 2895,00 |
| 1/20404 | Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest) | Kr 7528,00 | Kr 9410,00 |
| 1/20406 | Renov. samarbeid standard inntil 2 abonnenter pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/) | Kr 2605,60 | Kr 3257,00 |
| 1/20407 | Renov. samarbeid 240L/340L/660L pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest) | Kr 2750,40 | Kr 3438,00 |
| 1/20408 | Renov. samarbeid storhushald ekstra pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest) | Kr 3908,00 | Kr 4885,00 |
| 1/20409 | Renovasjon nedgrave felles container | Kr 2895,20 | Kr 3619,00 |
| 1/20422 | Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining. | Kr 1448,00 | Kr 1810,00 |
| 1/20410 | Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest) | Kr 2895,20 | Kr 3619,00 |
| 1/20412 | Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest) | Kr 5211,20 | Kr 6514,00 |
| 1/20413 | Renov. kompostering pluss (240 L papir, 140 L rest) | Kr 2316,00 | Kr 2895,00 |
| 1/20414 | Renov. storhushald ekstra pluss pr. ab. (440 L papir, 340 L rest) | Kr 7528,00 | Kr 9410,00 |
| 1/20416 | Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard pluss pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest) | Kr 2605,60 | Kr 3257,00 |
| 1/20417 | Renov. samarbeid 240/340/660L pluss pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest) | Kr 2750,40 | Kr 3438,00 |
| 1/20419 | Henteavtale. | Kr 461,60 | Kr 577,00 |
| 1/20420 | Renov. Hyblar. | Kr 1448,00 | Kr 1810,00 |
| 1/20421 | Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest) | Kr 3908,00 | Kr 4885,00 |
| 1/20430 | Ekstra sekk til restavfall | Kr 74,40 | Kr 93,00 |
| 1/20431 | Fritidshus 50 % kategori 1. med levering fellespunkt | Kr 1448,00 | Kr 1810,00 |
| 1/20432 | Fritidshus 30 % kategori 2. med levering fellespunkt | Kr 868,80 | Kr 1086,00 |
| 1/20433 | Fritidshus 10 % kategori 3. med levering fellespunkt | Kr 289,60 | Kr 362,00 |
| 1/20428 | Renov. fritidsbustad med egne behaldarar | Kr 2316,00 | Kr 2895,00 |
| 1/20440 | Ekstra brikker for nedgrave anlegg | Kr 240,00 | Kr 300,00 |
| 1/20911 | Sakshandsamingsgebyr for repeterande søknad om fritak for gebyr innsendt etter utløpet av fritaksperioden | Kr 600,00 | Kr 750,00 |
| 1/20436 | Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 140 L med frekv. 52 henting restavfall. | Kr 3928,00 | Kr 4910,00 |
| 1/20437 | Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 240 L med frekv. 52 henting restavfall. | Kr 7.217,60 | Kr 9.022,00 |
| 1/20438 | Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 340 L med frekv. 52 henting restavfall. | Kr 10.803,20 | Kr 13.504,00 |

| | | | |
|---------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|
| 1/20439 | Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 660 L med frekv. 52 henting restavfall. | Kr 18.000,00 | Kr 22.500,00 |
|---------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|

Alle gebyreiningar for hushaldningar får i tillegg henting av glas og metallemballasje frå eigen 140L/240L behaldar og utlevert ei raud boks for farleg avfall.

1.2. Kommunestyra godkjenner gebyrfinansierte låneoptak knytt til investeringar i 2021 på til saman 24 mill.kr, innafor ramma i selskapsavtalen § 12.

20 mill. kr til bygningsmessige tiltak og 4 mill. kr til utstyr og innreiing på Melsgjerdet.

| 1.2 | Kloakkslam | Eks mva | Inkl mva |
|---------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|
| 1/20460 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming. | Kr 1184,00 | Kr 1480,00 |
| 1/20463 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming. | Kr 2368,00 | Kr 2960,00 |
| 1/20464 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming | Kr 592,00 | Kr 740,00 |
| 1/20469 | Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3 | Kr 564,80 | Kr 706,00 |
| | Kloakkslam – tett tank | | |
| 1/20468 | Tøming av tank inntil 6,0 m3. | Kr 3211,20 | Kr 4014,00 |
| 1/20474 | Tøming av tett tank for fritidsbustad utan innlagt vatn | Kr 1605,60 | Kr 2007,00 |
| 1/20470 | Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3 | Kr 630,40 | Kr 788,00 |
| | Kommunale fellestankar | | |
| 1/20472 | Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3 | Kr 544,00 | Kr 680,00 |
| 1/20484 | Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3 | Kr 272,00 | Kr 340,00 |
| | Tillegg til ordinær tømepris | | |
| 1/20486 | Tilkøyring ved naudtøming | Kr 2108,80 | Kr 2636,00 |
| 1/20487 | Tilkøyring ved ekstratøming | Kr 1461,60 | Kr 1827,00 |
| 1/20488 | Tøming med minislamsugar. | Kr 1461,60 | Kr 1827,00 |
| 1/20474 | Oppdrag etter timepris. Pris pr. time. | Kr 1820,80 | Kr 2276,00 |
| 1/20491 | Tøming og levering til deponi på grunn av framandelement i tanken: Tømepris art.1/20460 pluss køyring art. 1/20474 til og frå deponi. | Kr 14.834,40 | Kr 18.543,00 |

Tette tankar skal for både heilårs- og fritidsbustad, tømast kvart år.

Slamavskiljar knytt til heilårsbustad skal tømast annakvart år. Slamavskiljar knytt til fritidsbustad skal tømast kvart fjerde år.

Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaming i styret

Samrøyses vedteke i tråd med tilrådinga.

Saksutgreiing:

Kommunestyra vedtek renovasjonsgebyra for komande år, etter tilråding frå representantskapet i VØR.

Kommunestyra er VØR sin eigar. Og for at eigar i størst mogleg grad skal vere kjend med status til VØR sitt samfunnsoppdrag, rapportera vi i denne budsjettsaka om oppnådde miljømål og kva representantskapet har som mål og plan for dei komande år.

Status miljømål.

VØR nådde 61,3 % materialgjenvinning i 2019, opp frå 40 % i 2018. Dermed nådde ein representantskapet i VØR sitt mål frå 2015 om å auke materialgjenvinninga frå 39 % til 60 % innan 2020.

Representantskapet støttar seg på stortingsvedtak om mål for materialgjenvinning på 50 % innan 2020. 55 % i år 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035. Samstundes skal mengd innsamla Farleg avfall aukast.

Frå 2025 vert målemetoden også endra, til å verte levert ut frå gjenvinningsbedrift og ikkje inn til gjenvinning som er gjeldande målemetode. Dermed må avfallselskapa auke kvaliteten på det som vert levert inn med mellom 5 og 10 % i gjennomsnitt.

Alle omleggingane av innsamlingsordningar som VØR har gjennomført, har gitt positivt miljøresultat. Innsamla glas- og metallmengdene har auka med meir enn 60 %.

Mengdene innsamla plastemballasje har tredobla seg.

Mengdene mindre typar farleg avfall i raud boksane, som småbatteri og lyspærer har femdobla seg .

Mål 2021-2024.

I komande fireårs periode er VØR sitt mål å fortsatt greie minst 60 % materialgjenvinning, men no målt ut frå materialgjenvinningsbedrift , og ikkje inn som i 2019.

Kvalitet på avfallet vil derfor ha fokus. Både på det som vert samla inn hos husstandane og det som vert sendt frå seg.

Årlege plukkanalyser for å få meir kunnskap om kva VØR mottar vert innført, og vi vil innføre meir stikkprøver.

Klima er eit lokalt og nasjonalt satsingsområde. VØR sine tiltak er komprimering av avfall og å sette krav i innkjøp om lastbærarar med høg lasteevne. Dette for å redusere talet transportar.

Det viktigaste er likevel å gå over til klimanøytralt drivstoff og bidra til lokal utnytting av avfallet som alternativ til langt bort transportert avfall. Effekt av slike tiltaka vil vere stor.

VØR fortsetter målretta med digitalisering, for å gi innbyggerane meir kunnskap i sanntid og såleis betre tenester. Dette inneber elektronisk merking av kvar einskild behaldar.

Miljødirektoratet ber oss satse på betalingssystem som sterkare enn i dag skal motivere innbyggerane til sortering. Om dette skal innførast, vert å ta stilling til i 2023 / 24, etter at alle behaldarar er merke med elektroniske RFID brikker.

På miljøstasjonen vil det frå slutten av 2021 verte høve til å levere kvitt trevirke som skal gå til sponplateproduksjon og dermed materialgjenvinning og ikkje til energigjenvinning som i dag. Vidare vert det etablert eit tilbod om mottak av hardplast.

I 2018 mottok alle abonnentar raud boks for farleg avfall. Frå 2021 etablera vi henteordning av denne to gangar pr. år på rute for å samle inn meir farleg avfall og for å få eit reinare restavfall. Farleg avfall skal ikkje vere innblanda i det som går til energigjenvinning, og kan i verste fall verte sendt i retur til oss for finsortering.

På investeringssida, er hovudinnsatsen å oppfylle krav til oss om brannsikring og å få all avfallshandsaming og laging av avfall under tak. Ved å flytte innsamlingsapparatet til VØR bort frå Torvmyrane, og til under tak på Melsgjerdet, vil vi frigjere plass til å få meir under tak sog såleis lukkast med å få avfallshandsaminga under tak, langt på veg. Det vi ikkje får under tak i 2021/22 i Torvmyrane, vert å få på plass seinast i 2023.

VØR sine ordningar samanlikna med våre naboar.

Vi har frå 2021 eit innsamlings tilbod relativt likt med størsteparten av kommunane her i landet og kommunane vi grensar til. Nordfjord (NOMIL) i sør og Ytre Søre Sunnmøre (SSR) i vest. For hovudfraksjonane mat-, rest-, plast- og papiravfall har vi lik hentefrekvensen med NOMIL og SSR. VØR vil i tillegg ha innsamlingsordning for Farleg Avfall via raud boks, noko dei andre ikkje har. Likeeins har NOMIL og VØR innsamling av glas og metall emballasje i eigen behaldar, noko SSR ikkje har innført. SSR har på sin side frie mengder papp, papir og plast ved sidan av behaldar på hentedag. Der krev VØR alt opp i behaldar fordi vi brukar plukkerobot på bilane og fordi vi ynskjer å redusere risiko for forsøpling som følgje av vind eller fuglar og dyr som drar plast- avfall utover om natta. Alle tre selskapa har betalingsordning ved levering av grovavfall.

Om gebyra og økonomien til selskapet.

Med like ordningar vert og gebyra våre meir lik gjennomsnittet på landsplan.

Budsjettet vårt syner kr 100,- i gebyrauke i 2021, som inkluderer kr 60,- pr. abonnement til inndekninga av tidlegare års underskot. I prosent er det 3,5 % auke, av dette er altså 2,1 % inndekning av for lågt gebyr i 2019.

Landsgjennomsnittet for eit standardgebyr er ifølgje Statistisk Sentralbyrå kr 3.002,- i 2020 (eks mva.) I 2021 er tilrådinga på standardgebyret hos VØR kr 2895,20.

SSB syner slikt standardgebyr i 2020 til kommunane rundt oss eks .mva.

| | |
|----------------|------------|
| Stranda | kr 3976,00 |
| Stryn/Stadt | kr 3199,00 |
| Hareid/Ulstein | kr 3432,00 |
| Sula | kr 2998,00 |

Sjølvkostfondet renovasjon

Vi har eit opparbeida underskot på kr 590' frå 2019 som er planlagt dekt inn i 2021.

Omlastingsanlegget på Melsgjerdet.

Reguleringsplanen er godkjent og anbudsprosessen er avslutta. Byggestart vert no i haust, under føresetnad av at gebyrvedtaket vert godkjent og dermed heimelen for låneopptak.

Biogass

Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med samarbeidspartar, er vidareført i 2021. Løyvesøknaden er no til handsaming hos Fylkesmannen, og så for vi sjå kva som kjem ut av det. Vert det ja, må det endelege investeringsgrunnlaget på plass, inklusiv kven som skal delta på eigarsida. I så fall har vi eit realistisk håp om å kome med ei tilråding om investering eller ikkje, rundt årsskiftet 2021/22.

Inntektene.

Vi ventar tal abonnement på line med 2020. Folketalsveksten som eigarkommunane har hatt siste åra, syner nedgang ifølgje SSB tal for 1 kvartal 2020. Vi ser det slik at auke i abonnement fritidshus demmer opp for nedgangen i renovasjonsinntekter frå hushaldningane.

Inntektene frå sal av reine avfallsfraksjonar er vurderte ulikt i høve type. Vi ser at glas og metall mengdene flatar ut, og der er stabile prisar. Vi trur vidare at mengdene med plastemballasje vil vere tilnærma lik med 2020. Vi er derimot usikre på om prisen på plast vil halde seg oppe, då det er press på den for tida frå Grønt Punkt Norge. Det er elles gledeleg at ny teknologien gjer det mogleg å omdanne plast til flytande råstoff som kan gå til produksjon av ny plast. Quantafuel AS skal mellom anna bygge ein fabrikk for dette Krisiansund. Lukkast ein med denne teknologien i stor skala, er det håp om at etterspurnaden av plastemballasje kan stabilisere marknaden frå 2022.

Utfordringane med etterspurnad etter returpapir fortsetter å vere krevjande. Prisane denne sommaren har vore dei lågaste sidan 1980 talet. Lyspunktet er at fleire av papirfabrikkane som baserar drifta si på returpapir, har opna att, slik at der i alle fall er avsetning. Her har vi tidligare inntektsført opp mot 0,5 mill. kr pr. år, medan vi for 2021 budsjettera med ein kostnad på kr 0,2 mill.

Slam

Det er ordinær innsamling av tette tankar og hos dei med årleg tøming, såkalla mellomrunde i 2021. Sjølvkostfondet er var på kr 1.279.540,- ved førre årsskifte. Vi tilrår derfor uendra slamprisar for 2021.

Kostnadane

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av oppdaterte kunnskapar om effekten av matavfall innsamlinga og mengder derifrå, og leige av nye bilar. Personalkostnadene er vanskeleg å gi eit godt overslag på, då det i år på grunn av covid-19 er særst vanskeleg å spå resultatet for lønsoppgjeret for to år. 2020 og mellomoppgjeret i 2021. Frå tidligare år veit vi at lønsglidning og overheng gjerne representera mellom 1,5 -2,0 % årslønsvekst. Så kjem generelt tillegg på toppen ilag med auke i minstelønssatsane. SSB operer med 3,0 % lønsvekst pr. år for vår type verksemd, men vi trur ikkje at det slår til med bakteppet Covid -19. Vi har derfor lagt oss på 4,0 % vekst frå 2019-21.

Av nye tiltak har vi lagt inn driftskostnader frå nytt mottaksanlegg på Melsgjerdet for tre månader. Vidare er kostnadene frå innsamling av raud boks to gangar pr. år, lagt inn ilag med ekstern plukkanalyse.

Av andre kostnadsfaktorar som er nytt, er inndecking av tidligare års underskot på kr 60,- og merking av alle behaldarar i samsvar med ny nasjonal farge og merkesystem som no er innført. Andre deler av driftsbudsjettet er individuelt vurdert i høve kontraktar og behov.

Investeringar – nye tiltak.

Utbygging på omlasteanlegget på Melsgjerdet startar i 2020, med opning i 2021, føresett at låneopptak for 2021 vert godkjent.

Anbudsfristen for utbygginga var 6 juni 2020 og Aurstad Tunell AS hadde det økonomisk beste tilbodet for VØR.

Prosjektet var utlyst som totalentreprise. Heilt på tampen av anbudsutlysninga kom det inn nye nasjonale krav om brannsikring av avfallsanlegg med særskilt oppsamling av ureina brannvatn, om brann oppstår. Disse krava vart tatt med i utlysinga og gjorde utbygginga dyrare enn kalkulert. Resultatet er at VØR må auke låneopptaket for å finansiere prosjektet med 24 mill. kr inkl. 4 mill. kr i utstyr. Den bygningsmessige utbygginga har no ei totalramme på kr 80 mill. kr og er samansett av tre deler.

a) Opparbeiding av tomtegrunn saman med mottakspunkt for hytteavfall:

Dette er ei utbygging av eit nytt område på 20 daa, som skal vere inngjerda og ha lovpålagt lastebilvekt, komposteringsområde for hageavfall, fordøyningsbasseng for overflatevatn, vegar, grøntområde og oppsamlingstankar for evt. brannvatn. I området mot vest vert det etablert eit mottakspunkt for avfall frå hytter og fritidshus med tilgangskontroll og kjeldesortering. Vidare er der eit eige omlastings- og mottaks-punkt for bilar som driv med innsamling av kloakkslam både for Volda og Ørsta.

b) Omlastehall for mat og restavfall:


Hallane er utrusta med luktsluser og luktreinsing. Mot nord er der eigen vaskehall for renovasjonsbilane. Mot sør er der garderobe for innsamlingsapparatet til VØR, inndelt i rein og skiten sone.

c) Omlastehall for papp og papiravfall

Del tre er mellomlager og omlastehall for papp, papir og plastavfall, glas og metallavfall pluss lager for avfallsbeholdarar. Nye som brukte.

Finansieringa av 60,6 mill. kr er tidligare vedteken i 2018 budsjettet, og låneopptaket gjennomført. Når 2021 budsjettet er godkjent, vil heimelen for fullfinansiering vere på plass, og bygginga ta til.

VØR 28.08.20



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Budsjettet 2021 –taldel.

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

| | | Resultat |
|-------------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Budsjettert resultatrekneskap | 2 021 | 2 019 |
| Driftsinntekter | | |
| Salsinntekter | 40 589 479 | 34 475 857 |
| Annan driftsinntekt | | 114 722 |
| Fra fond hushaldning og slam | - | |
| | <u>40 589 479</u> | <u>34 590 579</u> |
| Driftskostnader | | |
| Varekostnad | -52 000 | 257 803 |
| Lønskostnad | -14 139 594 | -12 135 348 |
| Avskrivning | -3 559 113 | -3 652 948 |
| Annan driftskostnad | -20 696 673 | -18 822 134 |
| Sum driftskostnader | <u>-38 447 379</u> | <u>-34 352 627</u> |
| Driftsresultat | <u>2 142 100</u> | <u>237 952</u> |
| Finansinntekter og finanskostnader | | |
| Annen renteinntekt | 250 000 | 890 424 |
| Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel | | |
| Annen rentekostnad | -1 802 100 | -1 137 057 |
| Annan finanskostnad | | - |
| Netto finansposter | <u>-1 552 100</u> | <u>-246 633</u> |
| Resultat etter finans inntekt-/kostnader | | |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | -8 681 |
| Skattekostnad | | -40 142 |
| Årsresultat | <u>590 000</u> | <u>-48 823</u> |
| Arsoppgjerdisposisjonar | | |
| Frå fond etterdriftstiltak | | 724 048 |
| Frå fond slambehandling | | 395 128 |
| Til fond hushaldning | 590 000 | -425 721 |
| Annan egenkapital | | -644 632 |
| Sum disponeringer | <u>590 000</u> | <u>48 823</u> |

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

| | Prognose | Resultat |
|-----------------------------------------------------|--------------|--------------|
| Balanse | 2 021 | 2 019 |
| EIGEDELAR | | |
| Anleggsmidler | | |
| <i>Varige driftsmidler</i> | | |
| Immaterielle egedelar | | 98 027 |
| Tomter, bygningar, annan fast eigedom | | 16 239 688 |
| Driftslausøyre, inventar, verktoy kontormaskiner | | 10 363 039 |
| Sum varige driftsmidler | - | 26 700 754 |
| <i>Finansielle anleggsmidler</i> | | |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 1 314 688 |
| Sum anleggsmidler | - | 28 015 442 |
| Omløpsmidlar | | |
| Varer | | 331 886 |
| <i>Fordringar</i> | | |
| Kundefordringar | | 1 107 573 |
| Andre fordringar | | 1 315 992 |
| Sum fordringar | - | 2 423 565 |
| Bankinnskot, kontantar og lignende | | 78 970 940 |
| Sum omlaupsmidler | | 81 726 391 |
| SUM EIGEDELAR | - | 109 741 833 |

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

| | Prognose | Resultat |
|-----------------------------------|--------------------|--------------------|
| Eigenkapital og gjeld | 2 021 | 2 019 |
| Eigenkapital | | |
| Opptent egenkapital | | |
| Fond etterdriftstiltak deponi | | 1 279 540 |
| Fond slamhandsaming | - | -590 153 |
| Fond hushaldning | - | |
| Annan egenkapital | 14 879 929 | 14 879 929 |
| Sum egenkapital | 14 879 929 | 15 569 316 |
| SUM EIGENKAPITAL | 14 879 929 | 15 569 316 |
| GJELD | | |
| Avsetning til forpliktingar | | -96 663 |
| Utsett skatt | | -96 663 |
| Sum avsetningar til forpliktingar | - | -96 663 |
| <i>Annan langsiktig gjeld</i> | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 98 400 000 | 89 188 711 |
| Sum annan langsiktig gjeld | 98 400 000 | 89 188 711 |
| Sum langsiktig gjeld | 98 400 000 | 89 188 711 |
| <i>Kortsiktig gjeld</i> | | |
| Leverandørgjeld | | 2 621 513 |
| Betalbar skatt | | 113 009 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 494 213 |
| Annan kortsiktig gjeld | | 1 851 734 |
| Sum kortsiktig gjeld | - | 5 080 469 |
| Sum gjeld | 98 400 000 | 94 172 517 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 113 279 929 | 109 741 833 |

| VØR | | 2 021 | | | BUDSJETT | RESULTAT |
|------|-------------------------------------------|--------------------|-------------------|-------------------|--------------------|--------------------|
| KON1 | KONTONAMN | HUSHALDNING | UTLEIGE | SLAM | 2 021 | 2 019 |
| 3000 | Hushaldningsgebyr, Volda | -15 198 276 | | | -15 198 276 | -11 005 992 |
| 3001 | Hushaldningsgebyr, Ørsta | -14 663 905 | | | -14 663 905 | -12 680 097 |
| 3002 | Kontantsal | -2 100 000 | | | -2 100 000 | -1 874 352 |
| 3015 | Leigeinntekt fast eigedom | | -1 426 716 | | -1 426 716 | -1 426 716 |
| 3016 | Leigeinntekt arbeidstenester | | -722 200 | | -722 200 | -680 640 |
| 3017 | Leigeinntekter maskiner / utstyr | | -1 711 476 | | -1 711 476 | -1 595 531 |
| 3018 | Inntekter boskolli/ abb/ sal av avfall | | -2 530 700 | | -2 530 700 | -2 678 743 |
| 3020 | Sekkesal og kolli | | -4 000 | | -4 000 | -6 911 |
| 3033 | Div avfall lev på vekt | | -20 000 | | -20 000 | -19 255 |
| 3036 | Sal av farleg avfall batteri | | -273 000 | | -273 000 | -271 100 |
| 3037 | Sal av farleg avfall. Div fraksjonar | | -130 000 | | -130 000 | |
| 3038 | Sal av hageavfall | | -60 000 | | -60 000 | -81 831 |
| 3040 | Gebyr, slam Volda | | | -425 962 | -425 962 | -359 952 |
| 3041 | Gebyr, slam Ørsta | | | -592 244 | -592 244 | -614 597 |
| 3054 | Sal av glass, metall | -189 720 | -33 480 | | -223 200 | -176 865 |
| 3055 | Sal av plast | -231 000 | | | -231 000 | -303 298 |
| 30 | Sal av papp og papir | - | - | | - | -61 669 |
| 3060 | Diverse inntekter | -133 320 | -60 600 | -8 080 | -202 000 | -583 377 |
| 3085 | Ref. spillolje | -30 016 | -14 784 | | -44 800 | -49 389 |
| 3095 | Sal av anleggsmidlar | | | | | |
| 3110 | Salsinntekt, avgiftsfri | | - | | | |
| 3240 | Påløpt slaminntekt Volda | | | - | - | |
| 3290 | Div. påløpt | | | | | -5 540 |
| 3241 | Påløpt slaminntekt Ørsta | | | - | - | |
| 3800 | Gev. Sal av anl.midd | | | | | |
| 3900 | Anna driftsrelatert inntekt | -19 800 | -9 000 | -1 200 | -30 000 | -114 722 |
| | <i>Salsinntekt, avgiftspliktig</i> | - | | | | |
| | SUM DRIFTSINTEKTER | -32 566 037 | -6 995 956 | -1 027 486 | -40 589 479 | -34 590 577 |
| | VAREKOSTNADER | | | | | |
| | <i>Forbruk av innkjøpte varer for sal</i> | | | | | |
| 4040 | Kjøp diesel | - | | | - | |
| 4303 | Diverse kjøp for vidareasal | | 52 000 | | 52 000 | |
| 43 | Beholdn.endr sekkar | | | | | -257 803 |
| 4500 | Underentreprise | | | | | |
| | <i>Løn til tilsette</i> | | | | | |
| 5010 | Faste løner | 6 779 999 | 991 228 | 158 596 | 7 929 823 | 7 326 212 |
| 5020 | Ekstrahjelp | 658 377 | 77 240 | | 735 617 | 1 140 373 |
| 5030 | Overtid | 547 200 | 80 000 | 12 800 | 640 000 | 598 784 |
| 5090 | Feriepengar | 1 118 895 | 163 581 | 26 173 | 1 308 650 | 1 024 154 |
| 5190 | Påløpte feriep | | | | | 102 382 |
| 5210 | Telefon fri | - | | - | | |
| 5250 | Egen pensjonspremie | - | | - | | |
| 5251 | Gruppeliv | - | | - | | |
| 5252 | Merpremie yrkesskade | - | | - | | |
| 5280 | Annen fordel arb.f.h. | - | | - | | |
| 5290 | Motkonto lønsmeldt | | | | | |
| 5295 | Motkonto forsikringar | | | | | |
| 5254 | Pensjonspremie | | | | | |
| 5311 | Bilgodtgjersle avg.pl. | - | | - | | 1 601 |

| KONT | KONTONAMN | HUSHALDNING | UTLEIGE | SLAM | 2 021 | 2 019 |
|--------------------------------------|----------------------------------------|-------------|---------|---------|-----------|------------|
| 5320 | Kostgodtgj. Tr.pl | | | | | 1 652 |
| <i>Anna godtgjersle</i> | | | | | | |
| 5330 | Godtgjersle styre og repskap | 154 755 | 22 625 | 3 620 | 181 000 | 287 211 |
| 5390 | Andre oppgavepl ytelser | 8 550 | 1 250 | 200 | 10 000 | |
| <i>Arbeidsgivaravgift og pensjon</i> | | | | | | |
| 5400 | Arbeidsgjevaravgift | 1 258 451 | 183 984 | 29 437 | 1 471 872 | 1 311 228 |
| 5405 | Arb.gj.avg. av påløpte feriep | 61 917 | 9 052 | 1 448 | 72 417 | 158 783 |
| 5420 | Innber pl.pensjonspremie | 53 010 | 7 750 | 1 240 | 62 000 | 55 542 |
| 5700 | Ref lønn | | | | | -41 100 |
| 5750 | Lærlingetilskot | | | | | -1 536 367 |
| 5800 | Sjukepengar, refusjon | -855 | -125 | -20 | -1 000 | |
| 5820 | Refusjon arb.avgift | | | | | |
| 5900 | Gåve frådr. | 5 000 | | | 5 000 | 15 083 |
| 5901 | Gåve ikkje frådr. | | | | | |
| 5905 | Overtidsmat tilsette | 80 000 | | | 80 000 | 82 195 |
| <i>Annan personalkostnad</i> | | | | | | |
| 5916 | Møtekostnader | 5 472 | 800 | 128 | 6 400 | 10 723 |
| 5920 | Garanti/ulukkestr, gruppeliv pers | 36 423 | 5 325 | 852 | 42 600 | 34 972 |
| 5941 | Opplysning og utvikl. - fond | - | - | - | | 8 103 |
| 5950 | Pensjonspremie | 1 221 078 | 178 520 | 28 563 | 1 428 161 | 1 413 067 |
| 5951 | Pensjonspremie, eigenkapital | 38 948 | 5 694 | 911 | 45 553 | |
| 5960 | Gruppeliv | 10 688 | 1 563 | 250 | 12 500 | 12 140 |
| 5990 | Sosiale kostnader, | | 70 000 | | 70 000 | 93 906 |
| 5991 | Bedriftshelsetenesta | 33 345 | 4 875 | 780 | 39 000 | 34 704 |
| 5992 | Data tilsette | - | | | | |
| <i>Av og nedskrivning</i> | | | | | | |
| 6000 | Avskrivning anlegg | 1 116 807 | 610 754 | 17 450 | 1 745 011 | 1 060 058 |
| 6015 | Avskrivning teknisk utstyr | 1 210 735 | 569 758 | | 1 780 493 | 2 558 147 |
| 6020 | Avskrivning immaterielle eigedelar | 33 609 | | | 33 609 | 34 743 |
| <i>Frakt /transportkostn.</i> | | | | | | |
| 6108 | Transport matavfall | - | | | - | 160 632 |
| 6109 | Transport strandrydding | | 20 000 | | 20 000 | 35 079 |
| 6110 | Transport hushaldnings-rest | - | - | | - | 145 685 |
| 6111 | Transport grov.avf. Frå Hornind. | 17 500 | | | 17 500 | |
| 6112 | Transport farleg avfall inkl. raubboks | 73 950 | 13 050 | | 87 000 | 29 700 |
| 6113 | Transport papir | | | | | 102 666 |
| 6114 | Transport glas | 136 500 | | | 136 500 | 157 225 |
| 6115 | Transport slam | | | 770 000 | 770 000 | 686 167 |
| 6116 | Div transport | 55 000 | | | 55 000 | 51 255 |
| 6117 | Transport hageavfall | 141 100 | 24 900 | | 166 000 | 94 400 |
| 6118 | Transport EPS | 7 000 | | | 7 000 | 6 750 |
| 6119 | Transport bygderydding | 72 800 | | | 72 800 | 69 230 |
| 6120 | Forbrenning | 1 732 360 | 742 440 | | 2 474 800 | 2 378 637 |
| 6121 | Levering grovavfall | 1 715 000 | | | 1 715 000 | 1 609 546 |
| 6122 | Levering farleg avfall | 819 655 | 144 645 | | 964 300 | 703 814 |
| 6123 | Levering av papir/papp | 183 600 | 32 400 | | 216 000 | 35 254 |
| 6124 | Levering hageavfall | - | - | | - | 110 572 |
| 6129 | Levering plast | 114 000 | | | 114 000 | 286 414 |
| 6130 | Levering matavfall | 2 269 536 | | | 2 269 536 | 2 199 525 |

| KONT | KONTONAMN | HUSHALDNING | UTLEIGE | SLAM | 2 021 | 2 019 |
|------|-------------------------------------------|-------------|---------|-------|-----------|-----------|
| | <i>Kostnader til tomt og lokale</i> | | | | | |
| 6320 | Kommunal avgifter | 24 400 | 14 000 | 1 600 | 40 000 | 38 876 |
| 6340 | Lys og varme | 128 800 | 92 000 | 9 200 | 230 000 | 230 976 |
| 6360 | Reinhald | 71 614 | 41 090 | 4 696 | 117 400 | 171 433 |
| 6390 | Anna kostnad lokale | | | | | 6 505 |
| | <i>Leigde maskiner og liknande</i> | | | | | |
| 6400 | Innleige maskin/arbeidshjelp | 5 000 | | | 5 000 | 6 800 |
| 6410 | Innleige inventar | 45 000 | | | 45 000 | 7 484 |
| 6420 | Innleige datasystem | 115 900 | 66 500 | 7 600 | 190 000 | 234 348 |
| 6440 | Leige transport og eller maskiner | | | | | 6 250 |
| 6441 | Leasing transportmiddel | 1 373 760 | 343 440 | | 1 717 200 | 274 017 |
| 6450 | Innleige container | 5 000 | | | 5 000 | |
| 6490 | Andre leigekostnader | | | | 71 543 | |
| | <i>Ikkje aktivert verktoy og inventar</i> | | | | | |
| 65 | Verktøy og utstyr | 5 000 | | | 5 000 | 22 618 |
| 6530 | Vedlikehald slam | | | | | |
| 6540 | Inventar | 115 200 | | 4 800 | 120 000 | 30 571 |
| 6550 | Driftsmateriale | 180 000 | | | 180 000 | 98 250 |
| 6551 | Datautstyr - hardware | 50 000 | | | 50 000 | 30 399 |
| 6552 | Programvare | 605 000 | | | 605 000 | 482 896 |
| 6553 | Bossekkar + returplastsekkar | 812 570 | | | 812 570 | 795 378 |
| 6559 | Kjeldesorteringsutstyr | 30 000 | | | 30 000 | 14 606 |
| 6570 | Verneutstyr og arbeidskle | 163 350 | | 1 650 | 165 000 | 165 294 |
| | <i>Reparasjon og vedlikehald</i> | | | | | |
| 6600 | Vedlikehald adm bygg | 41 300 | 25 900 | 2 800 | 70 000 | 26 088 |
| 6610 | Vedlikehald, miljøstasjon | 142 000 | | | 142 000 | 35 383 |
| 6615 | Vedlikehald lagerhall | 23 100 | 9 900 | | 33 000 | 12 100 |
| 6616 | Vedlikehald sorteringshall | | 30 000 | | 30 000 | 151 224 |
| 6620 | Vedlikehald, maskiner/utstyr | 86 400 | 21 600 | | 108 000 | 175 762 |
| 6650 | Vedlikehald containerar | 83 000 | 17 000 | | 100 000 | 1 281 009 |
| 6660 | Vedlikehald uteområdet | 91 000 | 39 000 | | 130 000 | 392 522 |
| 6670 | Vedlikehald Deponi Åmbø | | | | | |
| 6690 | Vedlikehald / avslutning slamd. | | | - | - | |
| | <i>Framand teneste</i> | | | | | |
| 6700 | Revisjon | 14 520 | 6 600 | 880 | 22 000 | 23 520 |
| 6705 | Rekneskap | 15 840 | 7 200 | 960 | 24 000 | 52 624 |
| 6790 | Andre honorar | 685 000 | | | 685 000 | 234 732 |
| 6791 | Innleige mannskap | 200 000 | | | 200 000 | 316 198 |
| 6798 | Div honorar | - | | | - | -150 000 |
| | <i>Kontorkostnad</i> | | | | | |
| 6800 | Kontorutgifter - trykksaker og lignende | 19 800 | 9 000 | 1 200 | 30 000 | 35 614 |
| 6810 | Datakostnader | 151 800 | 69 000 | 9 200 | 230 000 | 223 749 |
| 6820 | Trykksaker | | | | | |
| 6840 | Aviser/tidsskrift | 18 480 | 8 400 | 1 120 | 28 000 | 19 050 |
| 6860 | Kurs og konferansar | 172 800 | | 7 200 | 180 000 | 117 095 |
| 6890 | Andre kontorkostnader | - | - | - | - | |
| | <i>Telefon, porto</i> | | | | | |
| 6900 | Telefon | 129 600 | | 5 400 | 135 000 | 157 450 |

| KONTI | KONTONAMN | HUSHALDNING | UTLEIGE | SLAM | 2 021 | 2 019 |
|-------|----------------------------------------------------|-------------|----------|--------|-----------|-----------|
| 6940 | Porto | 107 520 | | 4 480 | 112 000 | 127 946 |
| | <i>Kostnad transport og mask.utstyr</i> | | | | | |
| 7000 | Drivstoff bil | 929 368 | 190 352 | | 1 119 720 | 853 084 |
| 7012 | Drivstoff anleggsmaskin | 192 000 | 48 000 | | 240 000 | 216 102 |
| 7020 | Vedlikehald bil | 1 384 291 | 283 529 | | 1 667 820 | 1 593 273 |
| 7032 | Vedlikehald anleggsmaskiner | 498 000 | 102 000 | | 600 000 | 575 263 |
| 7040 | Vektavgifter/forsikring, bil, maskin, anl.u | 166 000 | 34 000 | | 200 000 | 161 234 |
| 7041 | Trygder, anleggsmaskiner | 64 740 | 13 260 | | 78 000 | 52 784 |
| 7090 | Anna kostnad tr.middel | | | | | |
| | <i>Reisegodtgjersle o.l</i> | | | | | |
| 7100 | Bilgodtgjersle | 15 552 | | 648 | 16 200 | 10 859 |
| 7140 | Reisekostn, ikkje oppgv.plikt | 49 500 | | 500 | 50 000 | 24 064 |
| 7141 | Reisekostn. 10% | 70 000 | | | 70 000 | 67 229 |
| 7145 | Fergeutgifter | 69 300 | | 700 | 70 000 | 59 306 |
| 7150 | Diettgodtgjersle, oppgv.plikt | 14 850 | | 150 | 15 000 | 5 693 |
| 7210 | Øresavrunding | | | | | 70 |
| 7210 | Provisjonskostnader | 10 000 | | | 10 000 | 4 772 |
| | <i>Sals og reklamekostn.</i> | | | | | |
| 7300 | Salskostnad | | | | | |
| 7320 | Informasjon | 355 000 | | | 355 000 | 50 703 |
| 7360 | Representasjon | | | | | |
| | <i>Kontingent og g aver</i> | | | | | |
| 7400 | Kontigent, KS- NRF-REKOM | 168 000 | | 7 000 | 175 000 | 169 395 |
| 7430 | G aver | | | | | |
| | <i>Forsikringspremie, garanti og servicekostn.</i> | | | | | |
| 7500 | Forsikringar, bygg | 87 542 | 47 874 | 1 368 | 136 784 | 104 338 |
| 7570 | Skadeerstatning | 20 000 | | | 20 000 | 5 660 |
| 7600 | Lisensar | | | | | 350 |
| | <i>Annan kostnad</i> | | | | | 2 |
| 7700 | Eigedoms-festeavgift | 27 450 | 17 100 | 450 | 45 000 | 46 844 |
| 7770 | Gebyr, betalingsformidling | 76 800 | | 3 200 | 80 000 | 66 185 |
| 7790 | Diverse | - | | | - | 28 095 |
| | <i>Tap p  krav</i> | | | | | |
| 7800 | Gev /tap v. Sal av anleggsmidd | - | | | - | |
| 7820 | Innkome p  tidligare tap | | | | | |
| 7830 | Tap p  krav | 14 400 | | 600 | 15 000 | 15 507 |
| | FINANSINNTEKT OG KOSTNAD | | | | | |
| | <i>Finansinntekter</i> | | | | | |
| 8040 | Renteinntekt skattefri | | | | | -674 |
| 8050 | Renteinntekter bank | -144 000 | | -6 000 | -150 000 | -450 936 |
| 8070 | Renteinntekt andre | | | | | -22 815 |
| 8071 | Aksjeutbytte | | -100 000 | | -100 000 | -416 000 |
| | <i>Finanskostnader</i> | | | | | |
| 8120 | Nedskr.av fin anl.m. | | | | | |
| 8150 | Renter p  l n | 1 133 433 | 629 685 | 35 982 | 1 799 100 | 1 055 931 |

| KON1 | KONTONAMN | HUSHALDNING | UTLEIGE | SLAM | 2 021 | 2 019 |
|------|----------------------|-------------|-----------|-----------|------------|------------|
| 8155 | Andre rentekostnader | 2 940 | | 60 | 3 000 | 2 228 |
| 8160 | Disagio | | | | | 476 |
| 8178 | Tap på sal av aksjar | | | | | 78 422 |
| | SUM KOSTNADER | 32 688 323 | 6 079 740 | 1 159 873 | 39 999 479 | 34 599 255 |

FINANSIERINGSBEHOV OG AVSKRIVNING 2021

| TEKNISK UTSTYR: | |
|--------------------------------|-----------|
| AVSKRIVNING TEKNISK UTSTYR | 1 780 493 |
| ÅRETS INVESTERING | 4 000 000 |
| AVSKRIVNING FRÅ NYINVESTERING: | 129 281 |

| ANLEGG: | |
|----------------------------------|------------|
| AVSKRIVNING ANLEGG | 1 745 011 |
| ÅRETS INVESTERING | 80 000 000 |
| AVSKRIVNING FRÅ NYINVESTERINGAR: | 950 000 |

| INVESTERINGAR 2021: | |
|--------------------------------------|-----------|
| Containerer hytter | 400 000 |
| Rankevendar hageavfall. | 2 500 000 |
| Innventar pluss reserve | 415 000 |
| Hjullastarutstyr - Lastegafflar | 70 000 |
| Hjullastarutstyr - Klype | 160 000 |
| Hjullastarutstyr - Skuff m.klype | 125 000 |
| Hjullastarutst - Snøskuff. Klappving | 180 000 |
| Komprimator | 150 000 |

| | |
|------------------------------------------------------------------|-------------------|
| Investeringar opparbeiding av tomt, bygging av omlastehal | 80 000 000 |
| Personalrom, vekt, yttergjørde og mottakspunkt hytter | 11 000 000 |
| Omlastingsstasjon mat-rest-og luktfilter | 48 000 000 |
| Omlastehall glas/metall avfall | 20 000 000 |